

SAMMEN  
OM



# Miljøløftet

## REFERAT

Vedlegg nr. 1

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 8/2023 | Klokkeslett: 08:00 - 11:00 | Dato: 03.11.2023

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 06.11.2023

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, Statens vegvesen
	Jon Askeland	Fylkesordfører, Vestland fylkeskommune
	Nina Bognøy	Varaordfører, Alver kommune
	Tom-Georg Indrevik	Ordfører, Øygarden kommune
	Yngve Fosse	Ordfører, Askøy kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Terje Søviknes	Ordfører, Bjørnafjorden kommune
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Liv Signe Navarsete	Direktør, Statsforvaltaren
	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
<i>Andre deltakarar</i>	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	Jostein Hausevik Fjærestad	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Dina Johanne Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Christian Fotland	Bjørnafjorden kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune

## Saksliste

### Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 85/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 86/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.09.2023
- Sak 87/23 Videreutvikling av styringsgrupper byvekst
- Sak 88/23 Økonomirapportering per 2. tertial
- Sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 90/23 Mandat til prosjektråd for BT5
- Sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024
- Sak 92/23 Oppdatert prioriteringsoppdrag
- Sak 93/23 Orientering om Nordhordlandstunnelen og Ringveg aust
- Sak 94/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 95/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt
- Sak 96/23 Bypakke Bergen: Ordinær prisjustering av bompengetakstane
- Sak 97/23 Bypakke Bergen: Justering av takstane i Bypakke Bergen for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst
- Sak 98/23 Eventuelt Bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

### Sak 85/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør, innleia med å gjennomgå dagsorden og oppmoda om at sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod vart utsett til neste møte. Dette er på bakgrunn av den nye byrådsplattforma i Bergen. Det er ønskeleg med ein gjennomgang av kva for konsekvensar denne avtalen har for vidare framdrift på byggetrinn 5, før det vert gjort vedtak på løyving av tilskotet til betre kollektivtilbod.

Møteleiar bad og om at Bergen kommune i neste møte gjennomgår kva den nye byrådsplattforma inneber for byvekstavtalesamarbeidet og nullvekstmålet, samt konsekvensane for bybanens byggetrinn 5.

Jon Askeland, fylkesordførar, sa at det var viktig for fylkeskommunen å få avklart bruken av tilskotet seinast i neste møtet.

*Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 86/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.09.2023

*Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 87/23 Videreutvikling av styringsgrupper byvekst

Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør innleia. Ho har tatt initiativ til eit arbeid der ei gruppe har utarbeidd forslag til roller, ansvar og årshjul for styringsgruppene og partane. Ho presiserte at ho ofte bruker Miljøløftet som eksempel der samarbeidet fungerer godt, men at ho ser behov for at partane i dei ulike byvekstavtaleområda jobbar meir likt. Sjølv om dei ulike partnarskapa er ulike i sin karakter, kan ein vinne på meir likskap i strukturen, både i forhold til leiing, men også for å kunne ta ut effektar og å lære av kvarandre. Ho peika og på at det er viktig at sekretariata er godt samkøyrd på tvers. Det er viktig å få på plass gode rutinar og å implementere desse.

Som vedlegg til saka var det før møtet sendt ut ei rekke vedlegg. Vegdirektøren bad om at det blir lagt fram ei eiga sak kor innhaldet i vedlegget vert tilpassa Miljøløftets styringsgruppe, og at denne skal danne grunnlag for å drøfte roller og ansvar i Miljøløftet i eit kommande møte.

Tom Georg Indrevik, Øygarden, støtta at det er rom for å effektivisere prosessane og foreslo at møta til dømes blir arrangert digitalt og fysisk annan kvar gong. Han la også fram ønsket om å bruke styringsgruppa i større grad til å opne opp for innspel og inspirasjon, slik at gruppa i fellesskap kan løfte blikket og sjå framover.

*Vedtak: Styringsgruppen ber om at sekretariatet i samråd med partene kommer tilbake til Styringsgruppen med forslag til rolle- og ansvarsbeskrivelse og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet. Forslaget skal ta utgangspunkt Vegdirektørens anbefalinger til felles rolle- og ansvarsbeskrivelser og årshjul for byvekstavtaler, og drøfting i møtet.*

*Styringsgruppa ber om at plan for implementering legges fram i neste styringsgruppemøte.*

## Sak 88/23 Økonomirapportering per 2. tertial

Eva Mari Pettersen, sekretariatet, presenterte hovudmoment frå rapporten. Det ligg an til eit samla avvik/ mindreforbruk i byvekstavtalen på 189 millionar kroner ved årsslutt. Mindreforbruket er på nivå med prognosen pr. 1. tertial. Sjølv om mindreforbruket er stort, er det mindre enn ved årsslutt 2022. Staten har heldt tilbake 25 millionar kroner i belønningssmidlar i 2023 som følgje av mindreforbruk ved 1. tertial. Dette kjem i tillegg til dei 250 millionane som vart haldne tilbake i 2022. I tertialrapporten er det lagt til grunn vedtak i dagens sak 89/23 Tilskot til betre kollektivtilbod, og vedtak om utbetaling til Bergen kommune, som forslag til vedtak i inneverande sak. Etersom sak 89/23 vart utsett, er det førebels usikkert om prognosen står seg ut året, eller om mindreforbruk og bompengeuttak vert høgare.

Sekretariatet peika óg på at det dei siste åra har vore ulike praksis knytt til bruken av det fylkeskommunale bidraget til utgifter til plan, prosjektering og mva på prosjekter på fylkesveg i omegnskommunane. Det er viktig med stabil praksis, for å kunne ha oversikt over det totale forbruket på det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet.

Når det gjeld bypakke Bergen, er prognosen for netto bompengeinntekter 231 millionar kroner høgare enn rekvireringsbehovet for 2023. Dermed er det forventa lågare gjeld ved utgangen av 2023, enn ved utgangen av 2022. Prognosen på netto bompengeinntekter er på nivå med 1. tertial, sjølv om prognosen for gjennomsnittsinntekt per passering er redusert. Dette kan forklarast av at prognosen for årleg døgntrafikk (ÅDT) aukar, ei utvikling som er bekymringsfull med tanke på nullvekstmålet. Det at det blir realisert ein lågare inntekt enn det som er lagt til grunn i proposisjonen, gir eit inntektstap på i underkant av 170 millionar kroner for 2023.

*Vedtak: Styringsgruppa tek innhaldet i økonomirapporteringa per 2. tertial til orientering.*

*Styringsgruppa vedtek ei ekstra utbetaling av belønningssmidlar til Bergen kommune på 29,6 mill. i 2023.*

*Styringsgruppa ber om at det vert lagt fram ei eiga sak med oppdatert prognose for totalkostnad for bybanen byggetrinn 4.*

*Sekretariatet held fram med å vidareutvikle økonomirapporteringsrutinane, og kjem attende til styringsgruppa før 1. tertial 2024 med forslag til endringar og presiseringar.*

## Sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod

Saka vart utsett til neste møte.

*Vedtak:*

## Sak 90/23 Mandat til prosjektråd for BT5

Prosjektet Bybanens byggetrinn 5 har starta med prosjektering, planlegging og grunnerverv. Vestland fylkeskommune er prosjekteigar. Det er behov for eit prosjektråd for dette arbeidet. Jostein Fjærestad, Vestland fylkeskommune, presenterte mandatet for gruppa sitt arbeid.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, peikte på at det er viktig at det for neste byggetrinn blir lagt til rette for god rapportering mot Miljøløftet. Dette grensesnittet må komme tydeleg fram i mandatet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024**

Juan Santacruz, sekretariatet, presenterte utdrag frå forslag til statsbudsjett, som er aktuelle for Miljøløftet. Det er ikkje gitt løyving til nokre nye prosjekt. Igangsette prosjekt har fått løyving i tråd med innspela. Sekretariatet understreka at sjølv om argumentasjonen til staten er forståeleg, så er det uheldig for framdrifta i partnerskapen at det ikkje blir gitt midlar til nye prosjekt. Det blei og minna om at dette er eit forslag til statsbudsjett, og at endeleg vedtak blir gjort i desember.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden, spurte om kva som er bakgrunnen for dei ulike løyvingane som er gitt til prosjekt i Bjørnafjorden; prosjektet Åsen - Helleskaret er i gang, men er ikkje gitt løyving. Samstundes har gang- og sykkelveg på Hatvikvegen, som ikkje er sett i gang, fått full utteljing. Skuldast dette periodisering, eller er det gjort andre vurderingar av relevansen av desse prosjekta i departementet? Tone Oppedal bekrefta at dette skuldast periodisering, og stramme økonomiske rammer nasjonalt. Det er den same tendensen i dei andre byvekstavtalene i landet: det blir ikkje prioritert midlar til nye prosjekt. Det er ikkje noko som tyder på at dette skuldast at staten har nedvurdert kvaliteten på prosjekta.

Sekretariatet forklarte at bakgrunnen for forskjellen mellom dei to prosjekta er at prosjektet Hatvikvegen har fått midlar tidlegare, og blir derfor av staten definert som igangsett. Åsen – Helleskaret har ikkje fått statlege midlar tidlegare.

Vestland fylkeskommune orienterte om at prosjektet Hatvikvegen er lyst ut og det er venta kontraktsignering ved nyttår.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, peikte på at finansieringskjeldene i Miljøløftet har ein krevjande modell og mange ulike føringar. Møteleiar var einig, og oppmoda derfor om at desse blir grundig gjennomgått, for å sikre god oppfølging av porteføljen.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 92/23 Oppdatert prioriteringsoppdrag**

Nasjonal transportplan (NTP) blir rullert eitt år tidlegare enn vanleg. Arbeidet er leia av Samferdselsdepartementet, og som del av forarbeidet har transportetatane tidlegare fått i oppdrag å prioritere aktuelle samferdselsprosjekt. Desse vart overleverte i det såkalla prioriteringsoppdraget i mars. I oktober leverte etatane resultat etter ein ny gjennomgang med oppdatert talgrunnlag. Statens vegvesen (Tone Oppedal) og Jernbanedirektoratet (Solveig Paule) presenterte.

Vegvesenet har gjennomført analysar på effekten av å redusere klimagassutslepp og har berekna kostnad ved forseinkingar. Ei anna fordeling av transport enn den vi har i dag, vil kunne bidra til mindre forseinkingar.

Rangeringa blir gjort basert på definerte porteføljestyingskriterium. Det er endringar, samanlikna med i mars, mellom anna er Vågsbotn-Klauvaneset ute av lista over prosjekt det er tilstrekkeleg finansiering til. Bybanens byggetrinn 5 er inne i rammene 2 og 3 i den

oppdaterte lista, men med ein seinare start, enn det som var skissert i mars-leveransen. Dette skuldast dels bindingar staten har i større statlege prosjekt overfor andre byvekstavtalar, men også at forpliktingane aukar etter at byvekstavtalen i Tromsø vart signert.

Det er venta oppdaterte anslag, som kan føre til nye endringar. Det vart peika på at prosjekt som Fløyfjellstunnelen nord og sør er lagt inn på andre postar, og derfor ikkje del av denne prioriteringa.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, understreka at Miljøløftet treng eit anna utfall enn det som her er skissert frå Statens vegvesen. Det trengs meir pengar og tidlegare oppstart, for å ivareta ambisjonane i byvekstavtalen og for å kunne halde oppe fokus på byggetrinn 5 i Bergen. Fylkeskommunen vil invitere Bergen til ein samtale for å finne ut korleis vi kan ta dette vidare. Christine Kahrs, Bergen kommune, støttar det fylkesordførar tar opp og at det er behov for at det kjem midlar til Bergen også framover.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 93/23 Orientering om Nordhordlandstunnelen og Ringveg aust**

Kjell Inge Davik, Divisjonsdirektør Utbygging i Statens vegvesen, presenterte. Særskilt E39 Ringveg aust Vågsbotn – Klauvaneset har kome mykje høgare på prioriteringslista sidan 2021, etter prioritering i Stortinget, og ferdig reguleringsplan i Bergen. Prosjekta er ikkje finansierte per i dag, og er avhengige av å bli prioritert i NTP og statsbudsjett.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, berømte satsinga og fokuset på ringveg aust, slik at vi kan få trafikken utanom Bergen sentrum og kan fokusere på andre tiltak i sentrum. Dette vart støtta av Alver og Bergen kommunar som trakk fram at dette er viktige prosjekt. Alver spurte etter om fokuset på samfunnsikkerheit og beredskap har blitt forsterka, noko som vart bekrefta av vegvesenet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

### **Sak 94/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet**

Det var ingen saker til eventuelt.

## **Saksliste Bypakke Bergen**

### **Sak 95/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt**

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompengainntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa jamleg. Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, presenterte status til og med oktober 2023.

Stortingsproposisjonen for bypakke Bergen føreset inntekt på kr 13,94 gjennomsnittstakst med reduserte takstar, og 250.000 passeringar/ døgn. I år er trafikken 3,6% høgare enn på same tid i 2022. I juni i år hadde bomringen i Bergen ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 283.081. Dette er den høgste noterte trafikken nokon gong i bomringen i Bergen. Når det kjem til elbilar, passerte prosentdelen 40% elbilar i februar i år. I oktober er prosentdelen på 43,6%.

Gjennomsnittsinntekta auka frå februar til mars som følgje av vedtaket om å reversere dei reduserte elbiltakstane frå tilskotet til reduserte bompengar. I september sank

gjennomsnittsinntekta igjen, som følgje av ei nasjonal regelendring som endra timesregelen for passeringar utan avtalebrikke. Dette fører til lågare inntekt.

Når ein samanliknar bompengepasseringar med påstigingar til kollektivtrafikk, ser vi eit veldig likt reisemønster. Samla sett viser dette at det er auka mobilitet og reiseomfang i Bergensområdet. Veksten i påstigingar til kollektiv har vore høgare enn veksten i biltrafikk etter korona.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 96/23 Bypakke Bergen: Ordinær prisjustering av bompengetakstane**

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, orienterte. Saka er ei orientering om at Ferde har sendt søknad til Vegdirektoratet om å prisjustere bompengetakstane i Bypakke Bergen med 3,3 prosent frå 1. januar 2024. Dette er i tråd med fullmaktene som er gitt Ferde, og blei også gjort 1.januar 2023. Auken inneber ei krone utanfor rushtid (80 øre med autopass) og to kronar innanfor rushtid for bensinkøyrande bilar.

*Vedtak: Styringsgruppa tek søknaden om prisjustering av takstane til orientering.*

### **Sak 97/23 Bypakke Bergen: Justering av takstane i Bypakke Bergen for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst**

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, presenterte. Bakgrunnen for saka er eit brev som Ferde har sendt til Bergen kommune og Vestland fylkeskommune med forslag om å justere grunntakstane for å oppnå gjennomsnittstakst i tråd med proposisjonen. Som vist i førre sak, har det skjedd vesentlege endringar i samansetnaden av bilparken etter at proposisjonen blei laga. Dette påverkar både evna til å realisere prosjekta i Miljøløftet, men og nullvekstmålet. Denne problemstillinga har blitt drøfta i mange rundar i styringsgruppa, i 2022 og 2023. Nytt denne gongen er brevet frå Ferde. I forslaget er tiltaket i stor grad fokusert på å auke prisane for diesel- og bensinbilar, men mindre på elbil. Partane ser at det finst andre moglege innretningar for å oppnå same effekt. Forslaget til vedtak er derfor at brevet takast til orientering, og at styringsgruppa gir si støtte til at det blir presentert ulike alternativ og at desse blir lagt fram for drøfting og vedtak i neste møte.

Bergen kommune meldte at kommunen står ved sine forpliktingar og understreka at det er viktig at partane arbeider saman.

*Vedtak: Styringsgruppa tar brevet til orientering, men ønsker å sjå på fleire moglege tiltak enn det som blir foreslått frå Ferde.*

*Styringsgruppa ber arbeidsgruppa om å leggje fram ei sak i neste møte som presenterer moglege tiltak basert på diskusjonen i møtet.*

### **Sak 98/23 Eventuelt Bypakke Bergen**